

BLI MED OG SAMLE GUDBRANDSDALSMINNE

Kurs i regi av Memoar i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea, sekretariatet i Opplandsarkivet og Gudbrandsdal historielag Dølaringen

Kva har vore den viktigaste endringa? spurde eg svigerfar på 97.

Det var då vi fekk veg, svara han. Jorun Vang, Gudbrandsdalsmusea

Gjennom eit liv vil kvar og ein av oss samle minne frå kvar dag vi har levd. Nokre av oss har også ei god evne til å fortelja kva vi har opplevd gjennom livet. No går vi saman, Gudbrandsdalsmusea, Opplandsarkivet og Gudbrandsdal Historielag Dølaringen. Vi vil samle inn minne frå levd liv for framtida frå folk i Gudbrandsdalen - og Memoar tilbyr å lære oss opp i dette.

Velkome til kurs med minnesamlarane i Memoar

Stad Ringebru innovasjonssenter, Midtdalsarkivet

Tid onsdag 19., torsdag 20. og fredag 21. februar 2020.

Du kan vera med på heile kurset, eller på delar av det.

Onsdag 19.2 kl. 0900 – 1530

Dette er dagen for deg som likar å prate med folk. Vi gjer intervjuopptak med høve for kursdeltakarane til å vere med som observatørar eller med-intervjuarar.

Torsdag 20.2 kl. 0900 – 1530

Vi lærer meir om intervju og intervjusituasjon. Etikk, opphavsrett og særtrekk ved munnlege kjelder og munnleg kulturarv. Teknikk og arbeidsprosess med demonstrasjon av utstyr og digitale hjelpemiddel. Etterarbeid og formidling. **Dersom du ikkje kan vere med heile kurset, er dette den viktigaste dagen.**

Fredag 21.2 kl. 0900 – 1530

Praktisk arbeid med intervju frå dag 1, trening og erfaringsutveksling.

Kurset kostar 300,- inkludert lunsj og kaffe-mat. Du treng ikkje ha med teknisk utstyr, det har kurs-haldarane, men kurset vil gje informasjon om rimeleg og hendig utstyr som kan brukast. Arkivering av innsamla materiale samt mogleg publisering skjer i regi av Opplandsarkivet sine avdelingar.

Overnatting, t.d. **Dale-Gudbrands gard**, Hundorp, tlf. 47 911 58 938, pris dobbeltrom kr 1100/enkelt kr 1000, post@dale-gudbransgard.no, eller **B27** (tidl. Ringebru hotell) tlf 486 59 719, pris pr. rom kr 702 (Trivago), b27hostel@gmail.com

Meld deg på før 10. feb. til Torveig Dahl, dahl.torveig@gmail.com

Ta gjerne med ein person vi kan intervjuje onsdagen, - eller vi kan intervjuje kvarandre. Vi søker t.d. folk som har vore knytt til fjell, reiseliv, hytte eller utmark, for å tematisere litt.

Ditt namn:	Adresse:	e-post:	Telefon:
Namn på forteljar:			

Eg vil helst Filme og gjere intervju: Logge og redigere:

Lat oss saman ta vare på den munnlege historia og kulturarven vår for framtida.

Velkome til kurs!

Øystein Rudi
Gudbrandsdalsmusea

Silje Cathrin Fylkesnes
Opplandsarkivet

Torveig Dahl
Gudbrandsdal historielag Dølaringen

Program for kurs med praktisk trening i innsamling, dokumentasjon, lagring og formidling av munnleg historie.

Dette kurset er for alle som er interesserte i å lære om dette, ein kan vera med alle dagar eller den/dei dagane du synes er mest aktuell for deg, fortrinnsvis heile dagar.

Onsdag 19. februar

Intervjuopptak, med høve for kursdeltakarane til å vera med som observatørar eller med-intervjuarar. Tema: Levd liv, med særleg fokus på fjell, reiseliv, hytte- og utmarksliv.

- Kl. 09:00 - 11:00 Intervjuopptak (inntil tre parallelle opptak).
- Kl. 11:00 - 11:30 Fellessamling - kort erfaringsutveksling om intervjuopptaka
- Kl. 11:30 - 12:00 Lunsj
- Kl. 12:00 - 14:00 Intervjuopptak (inntil tre parallelle opptak)
- Kl. 14:00 - 15:30 Fellessamling. Avslutning av intervjusekvensar og "etterprat"
- Ca. 15:30 Slutt for dagen

Særleg oppmoding om at kursdeltakarar som har planar om å utvikla seg som *intervjuar* blir med på dag 1.

Torsdag 20. februar

- 09:00 - 10:30 Om intervjuet og intervjusituasjonen. Etikk og opphavsrett - avtale om bruk. Spørjelister og/eller fri forteljing. Særtrekk ved munnlege kjelder og munnleg kulturarv. "Magien" i den gode samtalen.
- 10:45 - 11:30 Teknikk/infrastruktur og arbeidsprosess. Oversyn og demonstrasjon av utstyr og digitale hjelpemidler.
- 11:30 - 12:00 Lunsj
- 12:00 - 13:30 Om etterarbeid og formidling. Feltdagbok. Dokumentasjon av innhald i redigert fyrsteverisjon (logg og samandrag). Emneordlister. Presseetikk. Markering av "gullkorn" til bruk i forteljingar og stubbar. Publiseringavtale. Opplasting til Minner.no
- 13:45 - 14:30 Formidling. QR-koding, YouTube, digitale applikasjonar - bloggar, Digitalt Museum, presentasjonar og nettsider. Forteljarpanel. "Vidareforedling".
- 14:30 - 15:30 Munnleg kulturarv i Gudbrandsdalen. Idear til vidare arbeid.

Fredag 21/2-2020:

Praktisk arbeid med etterarbeid på opptaka frå dag 1, eventuelt nye intervjuopptak.

- 09:00 - 11:00 Dokumentasjon. Praktisk trening med logg og tekstsamandrag av intervjuopptak frå dag 1 (gruppevis arbeid)
- 11:00 - 11:30 Kort plenumssamling med erfaringsutveksling.
- 11:30 - 12:00 Lunsj.
- 13:00 - 15:00 Avlevering og formidling. Opplasting til Minner.no. Klipp av utdrag (stubbar). Utdrag i PowerPoint-presentasjon. Blogginlegg med videostubb. QR-kode i utstilling eller på interessepunkt. mm.
- 15:00 - 15:30 Avslutning - idear til vidare arbeid - kursevaluering.

Kursansvarleg er Memoar – «norsk organisasjon for munnleg historie, ein ideell organisasjon som bygger eit ressurscenter for munnleg historie i Noreg. Me arbeider saman med institusjonar og frivillige organisasjonar for å samla inn, dokumentera, arkivera og formidla munnleg kjeldemateriale om vår tid. Formålet vårt er "å fremja ein kultur for å ta vare på og dela munnlege forteljingar om levd liv"»

Kurset er støtta av Sparebankstiftelsen DNB.